
Fra: hege.lothe@gmail.com
Sendt: 12.04.2010
Til: postmottak SD
Kopi:
Emne: Høyringsvar om Datalagringsdirektivet

Til Samferdsledepartementet,

Høyringsvar om datalagringsdirektivet

Sogn og Fjordane Nei til EU vil med dette brevet gje vårt innspel til Samferdsledepartementet og regjeringa si handtering av datalagringsdirektivet. Noreg har ein reservasjonsrett i EØS-avtalen som gjer at vi kan velje å ikkje innføre nye direktiv. Sogn og Fjordane Nei til EU vil be om at regjeringa nyttar reservasjonsretten mot Datalagringsdirektivet.

Datalagringsdirektivet utfordrar mellom anna personvernet, ytringsfridomen og kjeldevernet. Det er tvilsamt om DLD er i samsvar med artikkel 8 og 10 i Den europeiske menneskerettskonvensjonen, som skal sikre grunnleggjande rettar i eit demokratisk samfunn. Dette er også hovudargumentasjonen den norske avdelinga av Den internasjonale juristkommisjonen brukte, då dei åtvare mot ei innføring av DLD.

For å rettferdiggjere eit inngrep som avgrensar personvernet til kvar einskild borgar må dei positive sidene av ei implementering vere klart større enn dei negative. I dette tilfellet er det derimot ikkje noko pressande samfunnsmessig behov for eit så omfattande inngrep. DLD er dermed både i strid med prinsippet om at inngrepet skal vere proporsjonalt og naudsynt.

Det vert framheva at Datalagringsdirektivet vil gje politiet meir effektive verkemiddel for å etterforske terrorisme og alvorlig kriminalitet. Vi har forståing for dette argumentet, men trur at kriminelle alltid vil klare å unngå overvaking. Lovbrytarane er ofte eitt steg framom den teknologiske utviklinga og det finst mange måtar å unngå lagring. Ved å bruke MSN, Skype eller framande IP-adresser er det ikkje vanskeleg å vere anonym for dei som har noko å skjule. Resultatet er at ein hovudsakleg overvakar dei lovlydige borgarane og ikkje dei kriminelle som ein egentleg ønskjer å få tak i.

Politiet har i dei siste åra fått tilgang til omfattande nye etterforskningsmetodar, til dømes frysing av trafikkdata eller kommunikasjonskontroll. Desse metodane skil seg frå DLD på ein liten, men viktig måte: dei er målretta og føresetnaden for å ta dei i bruk er mistanke. Innføring av DLD vil snu dette prinsippet på hovudet. Med eitt er alle borgarane mistenkte og vert utsette for overvaking.

DLD skaper også praktiske problem. Sjansen for misbruk av ei så gigantisk mengde data som skal lagrast er stor. Det finst mange døme på at data som skulle vere sikre har kome på avveggar, både i Noreg og i utlandet. Kostnadar for å lagre data på sikker måte er høg.

Det er ikkje berre det norske Datatilsynet som har vore krystallklare i sine protestar mot DLD. Også dei tilsvarande tilsyna i samtlige EU-land åtvarar mot direktivet med grunngjevinga at det kører over personvernet og handsamar lovlydige innbyggjarar som potensielt farlige kriminelle. EU-domstolen har nettopp dømt Sverige for ikkje å ha innført masselagring av data om mobil- og internettrafikk. I Tyskland avgjorde den tyske forfatningsdomstolen i mars 2010 at implementering av DLD er forfatningsstridig. Lova vert dermed ugyldig og data som hittil er lagra må slettast. Tidlegare har også den rumenske forfatningsdomstolen vurdert implementering av DLD på same måte.

EUs datalagringsdirektiv grip inn i livet til kvar enkelt innbyggjar ved å redusere verdien av privatliv og integritetsvern, og ved å svekke det godet det er å leve i eit demokrati. Direktivet strid dessutan mot

norske tradisjonar og eksisterande lover. Sogn og Fjordane Nei til EU ber om at regjeringa tek desse momenta med i den endelege avgjere og legg ned veto mot direktivet, dersom direktivet i det heile bør godtakast som EØS-relevant.

Beste helsing

Håkon Steinar Gil, leiar i Sogn og Fjordane Nei til EU
Hege Lothe, nestleiar i Sogn og Fjordane Nei til EU